

Stad: Moster skule, Moster

Dato: Onsdag 24.05.2023

Registrering av stemmer frå kl. 17:00 - 17:50. Oppmøte etter kl. 17:50 gir ikkje stemmerett på årsmøtet.

Før den formelle delen av årsmøte startar vil prosjektleiar Nina Ingvaldsen presenterer funna i rapporten «prosjekt infrastruktur på Bømlo». Industrietablering i Norge og på Bømlo kan bli vanskeleg på grunn av mangel på kraft og nett. Finnås Kraftlag har kartlagt kva behov næringslivet på Bømlo har framover. Rapporten peikar på utfordringar knytt til auka forbruk og moglege tiltak ein kan jobbe vidare med.

SAKLISTE

SAK 1.	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.....	2
SAK 2.	GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ ÅRSMØTE 11. MAI 2022	2
SAK 3.	GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE 3. NOVEMBER 2022.....	2
SAK 4.	VAL AV TO PERSONAR TIL Å SKRIVA UNDER MØTEBOK OG VAL AV TO VALOBSERVATØRAR	2
SAK 5.	GODKJENNE ÅRSMELDING FOR 2022	2
SAK 6.	GODKJENNE RESULTATREKNESKAP OG BALANSE FOR 2022	2
SAK 7.	GJERA VEDTAK OM DISPONERING AV OVERSKOT	3
SAK 8.	FASTSETJA GODTGJERSLE TIL STYRET OG VALNEMND	12
SAK 9.	ENDRING AV GODTGJERSLE TIL STYRET OG VALNEMND	12
SAK 10.	FASTSETJA GODTGJERSLE TIL REVISOR	14
SAK 11.	VELJA REVISOR	14
SAK 12.	VELJA STYRE OG STYRELEIAR	14
SAK 13.	VELJA VALNEMND ETTER FORSLAG FRÅ STYRET	17



Sak 1. Godkjenning av innkalling og sakliste

Tilråding til vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjend.

Sak 2. Godkjenning av møtebok frå årsmøte 11. mai 2022

Tilråding til vedtak:

Møteboka for årsmøte 11. mai 2022 vert godkjend.

Sak 3. Godkjenning av møtebok frå ekstraordinært årsmøte 3. november 2022

Tilråding til vedtak:

Møteboka frå ekstraordinært årsmøte 3. november 2022 vert godkjend.

Sak 4. Val av to personar til å skriva under møtebok og val av to valobservatørar

Sak 5. Godkjenne årsmelding for 2022

Tilråding til vedtak:

Framlagd årsmelding for 2022 vert godkjent som årsmelding for Finnås Kraftlag SA.

Sak 6. Godkjenne resultatrekneskap og balanse for 2022

Tilråding til vedtak:

Rekneskapen vart gjennomgått, og i samsvar med revisjonen si tilråding godkjend.

Sak 7. Gjera vedtak om disponering av overskot

Styret sitt framlegg til resultatdisponering/tilråding til vedtak:

Disponering av årsresultat	kr 44 119 622
Gåver til almennyttige føremål	kr 2 333 000
Avsette til annen egenkapital	kr 28 286 622
Utdeling av kjøpsutbytte til medlemmer ¹	kr 13 500 000
SUM Disponeringar	kr 44 119 622

¹ Kjøpsutbytte vert fordelt etter medlemmene si omsetting med kraftlaget gjennom 2021.

Styret foreslår at fylgjande allmennyttige gåver vert gitt:

Gåvefond disponert av styre	kr 1 200 000
Bømlo turlag - Sherpatrapper Siggjo	kr 406 000
Bømlo turlag - Dagstur/beredskapshytte Siggjo	kr 285 000
Dr. Heitmanns legat - Ny kai Hisøy	kr 69 000
Rubbestadneset Grendautval - Lys Stangarvågløypa	kr 51 000
Rubbestadneset Idrettslag - Solcellepanel	kr 56 000
Gilje Grendalag - 400 m Junior/barneløype terrengsykkel	kr 49 000
Gilje Grendalag - Gapahuk Krokavatnet	kr 52 000
Gilje Grendalag - Toalettbygg m/minirensanlegg Krokavatnet	kr 39 000
Gilje Grendalag - Terrengsykkeløype Krokavatnet +frisbeegolfbane	kr 126 000
Sum Gåver	kr 2 333 000

For alle gåvetildelingar gjeld fylgjande:

Før beløpet vert utbetalt må søkjar ha gjort formdelt vedtak om igangsetting av prosjektet, og det faktiske arbeidet må vera kome i gong. I tillegg må det liggja føre bindande finansieringsplan med tilsegn. 50% av stønadsbeløpet vert utbetalt ved oppstart og resten når prosjektregnskap er lagt fram.

Følgjande premissar ligg til grunn for styret sine tilrådingar om allmennyttige gåver.

Finnås Kraftlag SA er eit allmennyttig samvirkelag med skiftande medlemstal og kapital. Det at Kraftlaget er eit allmennyttig selskap vil seie at det skal vera til gagn for allmenta.

I vedtektene § 2 står det at Føretaket kan yta gåver til tiltak med allmennyttige føremål i konsesjonsområde.

I "Lov om samvirkeføretak" § 34 Gåver står det:

(1) Årsmøtet kan vedta å gi høvesgåver, og dessutan gåver til samvirkeformål eller allmennyttige formål som er rimelege utifrå formålet med gåva, stillinga til føretaket og omstenda elles. Retten til å gi gåver kan delegerast til styret eller eit anna organ.

(2) Styret kan til same formål gi gåver som har lite å seie i forhold til stillinga til føretaket.

Etter praksis sett på årsmøta, har øvste grensa for utdeling av midlar liggje på ca. 3 mill.kr. Det er naturleg at ein vurderer ut frå overskot i verksemda.

Gåva/forskoteringa skal vera allmennyttig. For at gåver til utbyggings-/rehabiliteringsprosjekt skal handsamast av årsmøte, bør utbyggingskostnaden på prosjektet vera minst kr. 400.000. For spesielle prosjekt som styret vurderer som årsmøtesak, kan totalkostnaden med prosjektet vera lågare.

Med allmennyttig føremål meiner ein:

- Idretts- og kulturbygg/anlegg.
- Forsamlingshus/Lagshus

Årsmøte kan kvart år setja av inntil kr. 1.200.000 til fond for allmennyttige føremål (eldre, ungdom, m.v.), som styret disponerer.

Søknadane om gåver må gjerast på utarbeidd skjema. Skjema er bygd opp på same måte som søknad om tippemidlar.

Søknadar 2022 – tilråding frå styret

1. Søknad om gåve til ny kai Hisøy – Dr. Heitmanns Legat

Styret i Dr. Heitmanns legat søker om støtte til å byggje ny kai på Hisøy. Dr. Christian Heitmann som var distriktslege på Stord var levande interessert i plantar og spesielt skog. Han kjøpte i 1898 øya Hisøy. Her kultiverte han jorda og innførte og planta ei rekke treslag frå utlandet. Mange av treslaga er edle og sjeldne i norsk natur. Området er i dag eigd av Dr. Heitmanns legat og dei er opptatt av skoghandsaminga på øya og at ålmenta skal ha tilgang til å oppleve det særleine miljøet som er skapt der.

Legatet har nå oppretta eit samarbeid med Friluftsrådet Vest om drifta av friluftsområdet på Hisøya. Stiane er rydda og merka, men den store utfordringa er kaianlegget som er i dårleg forfatning. Dei ynskjer no å oppgradera kaien og å auke kapasiteten ved å forlenge kaien ut mot djupare vatn.

Det er Friluftsrådet Vest som vil vera byggherre for prosjektet, men skal samarbeide med Bømlo kommune og Dr. Heitmanns legat. Det er styret i Dr. Heitmanns legat som står som søker av gåva frå Finnås kraftlag SA.

Hisøy er innanfor konsesjonsområdet til Bømlo Kraftnett.

Totalt viser kalkylane at prosjektet har ei kostnadsramme på kr.975.000,- inkludert verdien av dugnad. Legatet søker om kr. 250.000,- i gåve frå Finnås kraftlag.

Styrevedtak/innstilling:

Styret støttar initiativet til å byggje ny kai på Hisøy og vil anbefale årsmøtet å støtte prosjektet med kr. 69 000,-.

Før beløpet vert utbetalt må søker ha gjort formelt vedtak om bygging og den faktiske bygginga må vera komen i gang. I tillegg må det liggja føre bindande finansieringsplan med tilsegn. 50% av stønadsbeløpet vert utbetalt ved anleggstart, og resten når anleggsrekneskap er lagt fram.

2. Søknad om gåve til dagturhytte/beredskapshytte Siggjo (Bømlo Turlag)

Bømlo Turlag har planar om å byggje ei lita dagsturhytte/beredskapshytte på Siggjo. Hytta er planlagt plassert litt nedanfor toppen slik at den ikkje dominerer og vert underordna naturen og omgjevnadane. Forbilde for arkitekten er torvhus og utmarksløer laga av rustikke og haldbare material som stein og lokal furu.

Bygget skal invitere til bruk både inne og ute med takamfi, sittebenk på grunnmur og innvendig opphaldsrom. Det skal vera ein sosial møteplass på toppen som toler ver og vind, men samstundes vil gje ly for dei som treng litt varme i kroppen.

Det er Bømlo Turlag som vil ha det daglege tilsynet og utføre enkle vedlikehaldsoppdrag. Bygginga vil bli sett ut til profesjonelle aktørar, men med ein del oppgåver som skal utførast på dugnad.

Totalt viser kalkylane at prosjektet har ei kostnadsramme på kr.2 850 000,-. Bømlo Turlag søker om kr. 500 000,- i gåve frå Finnås kraftlag.

Styrevedtak/innstilling:

Styret støttar initiativet til å få bygd ei dagstur- og beredskapshytte på toppen av Siggjo og tilrår årsmøtet å gi ei gåve på kr. 285 000,-

Styret tilrår normalt å gi 7% støtte til søknader som stettar vilkåra for allmennyttige gåver. Dette er ein uskriven regel som Kraftlaget har praktisert i mange år. Unntaksvis har ein tilrådt å gi 10% støtte til nokre få prosjekt som ein har vurdert å vera særst viktige, som har stor allmennyttig verdi og som kjem heile Bømlo-samfunnet til gode. Styret vurderer at dette er eit viktig prosjekt som kjem heile Bømlo-samfunnet til gode og tilrår at årsmøte gir 10% av totalkostnad i gåve.

Før beløpet vert utbetalt må søker ha gjort formelt vedtak om bygging og den faktiske bygginga må vera komen i gang. I tillegg må det liggja føre bindande finansieringsplan med tilsegn. 50% av stønadsbeløpet vert utbetalt ved anleggstart, og resten når anleggsrekneskap er lagt fram.

3. Søknad om gåve til Sherpatrappene Siggjo (Bømlo Turlag)

Bømlo Turlag søker om støtte til å slutføre bygginga av Sherpatrappene opp til toppen av Siggjo. Prosjektet er om lag 80% fullført hausten 2022. Dei resterande 20% av prosjektet skal fullførast våren 2023. Totalt kostar heile prosjektet kr. 7 808 564,- eks mva, og for å komme i mål treng Bømlo Turlag ytterlegare støtte,- Ved å ha sherpatrappene heile vegen opp til toppen vil dei redusere slitasjen på stien og redusere risikoen for skadar på turgåarane. Dei vil og gjere Siggjo meir tilgjengeleg for enda fleire Bømlingar og tilreisande turistar.

I 2020 gav årsmøtet i Finnås Kraftlag kr. 375 000 i gåve til 1. trinn av oppgraderinga av stien til Siggjo.

Styrevedtak/innstilling:

Styret støttar initiativet med å få bygd ferdig trappene opp til toppen av Siggjo. Styret ynskjer å gi ei gåve på 10% av totalkostnaden på prosjektet, med fråtrekk frå tidlegare gåvesum og tilrår årsmøtet å gi ei gåve på kr. 406 000,-

Styret tilrår normalt å gi 7% støtte til søknader som stettar vilkåra for allmennyttige gåver. Dette er ein uskriven regel som Kraftlaget har praktisert i mange år. Unntaksvis har ein tilrådt å gi 10% støtte til nokre få prosjekt som ein har vurdert å vera særst viktige, som har stor allmennyttig verdi og som kjem heile Bømlo-samfunnet til gode. Styret vurderer at dette er eit

viktig prosjekt som kjem heile Bømlo-samfunnet til gode og tilrår at årsmøte gir 10% av totalkostnad i gåve.

Før beløpet vert utbetalt må søkjar ha gjort formelt vedtak om bygging og den faktiske bygginga må vera komen i gang. I tillegg må det liggja føre bindande finansieringsplan med tilsegn. 50% av stønadsbeløpet vert utbetalt ved anleggstart , og resten når anleggsrekneskap er lagt fram.

4. Søknad om gåve til solcelledrivne lys langs Stangarvågsløypa (Rubbestadneset Grendautval)

Rubbestadneset Grendautval har planar om å montere solcelledrivne lysstolpar langs stien frå Brubakken til Gapahuken i Stangarvågsløypa. Prosjektet er ein del av satsinga knytt til Liv og Lyst prosjektet. Det planleggast totalt å sette opp 20 lys på inntil 5m høge master. Lysa er drivne av solceller og batteri, Det vil ikkje medføre inngrep ved graving eller kablar. Stolpane kan flyttast enkeltvis ved behov. Det er sett opp to stolpar som del av eit forprosjekt for å teste ut teknologien og grendautvalet meiner at teknologien er tilfredsstillande til å utvide med fleire lys.

Totalt viser kalkylane at prosjektet har ei kostnadsramme på kr.723 000,-. Grendautvalet søker om kr. 335 000,- i gåve frå Finnås kraftlag..

Styrevedtak/innstilling:

Styret støttar initiativet til å få lyssett stien fram til gapahuken i Stangarvågsløypa og tilrår årsmøtet å gi ei gåve på kr. 51 000,-

Før beløpet vert utbetalt må søkjar ha gjort formelt vedtak om bygging og den faktiske bygginga må vera komen i gang. I tillegg må det liggja føre bindande finansieringsplan med tilsegn. 50% av stønadsbeløpet vert utbetalt ved anleggstart , og resten når anleggsrekneskap er lagt fram.

5. Søknad om gåve til solcellepanel på Rubbestadneset Idrettslag sine bygg (Rubbestadneset Idrettslag)

Rubbestadneset idrettslag (RIL) har betydelege årlege straumkostnadar til drifta av deira idrettsanlegg. For 2020 og 2021 har årleg forbruk vore omkring 230.000 kWh. RIL har sett i verk ulike tiltak for å få ned straumforbruket og i 2022 klarte ein å redusere forbruket med over 25%. Prosjekt med solceller vil hjelpe til med å avgrense straumkostnadene til RIL ytterlegare.

Dei har henta inn tilbod fra fleire leverandørar og eit anlegg til rundt kr. 800.000 ,- vil kunne gi effekt på 30.000-35.000 kWh i året. RIL sitt anlegg har ei gunstig plassering med tanke på plassering av solceller på tak og straumproduksjon.

Styrevedtak/innstilling:

Styret støttar initiativet til å montere solceller som kan bidra til reduserte driftskostnader for Rubbestadneset Idrettslag og tilrår årsmøtet å gi ei gåve på kr. 56 000,-

Før beløpet vert utbetalt må søkjar ha gjort formelt vedtak om bygging og den faktiske bygginga må vera komen i gang. I tillegg må det liggja føre bindande finansieringsplan med tilsegn. 50% av stønadsbeløpet vert utbetalt ved anleggstart, og resten når anleggsrekneskap er lagt fram.

6. Søknad om gåve til delprosjekt 1: Junior/barneløype for terrengsykkel v/ Krokavatnet (Gilje Grendalag)

Gilje Grendalag og Gilje Allidrett planlegg eit stort prosjekt på Ådnes, rundt Krokavatnet. Frå før er området tilrettelagt med badestrand, kai og stupetårn.

Den samla planen er å få laga til ei terrengsykkelløypa rundt Krokavatnet på ca 1870 meter, junior/barne sykkel løypa på ca 400 meter, av desse er ca. 200m felles med hovudløypa. Vidare planlegg dei sti m/bru til gapahuken og gapahuk på ca 30m², større parkeringsplass m/ 35m² toalettbygg. Det er og planar om ein 18 hulls Frisbeebane

Planen er å dela opp prosjektet i 4-5 mindre prosjekt. Dei håpar å få sendt ein søknad inn til kommunen i starten av 2023 for alle prosjekta samla.

Denne søknaden gjeld delprosjekt 1 som er bygging av ei 400m lang rundløype for terrengsykkel. Løypa er retta mot born og juniorar. Det skal og etablerast ein parkeringsplass under dette prosjektet. Gilje Grendalag eig sjølv grunnen der dette prosjektet er planlagd etablert.

Kostnaden for dette prosjektet er kalkulert til kr. 700.000,-

Styrevedtak/innstilling:

Styret støttar initiativet til å lage ein terrengsykkelbane retta mot born og juniorar og tilrår årsmøtet å gi ei gåve på kr. 49 000,- til dette prosjektet.

Før beløpet vert utbetalt må søkjar ha gjort formelt vedtak om bygging og den faktiske bygginga må vera komen i gang. I tillegg må det liggja føre bindande finansieringsplan med tilsegn. 50% av stønadsbeløpet vert utbetalt ved anleggstart, og resten når anleggsrekneskap er lagt fram.

7. Søknad om gåve til delprosjekt 2: Gapahuk Krokavatnet (Gilje Grendalag)

Gilje Grendalag og Gilje Allidrett planlegg eit stort prosjekt på Ådnanes, rundt Krokavatnet. Frå før er området tilrettelagt med badestrand, kai og stupetårn.

Den samla planen er å få laga til ei terrengsykkelløypa rundt Krokavatnet på ca 1870 meter, junior/barne sykkel løypa på ca 400 meter, av desse er ca. 200m felles med hovudløypa. Vidare planlegg dei sti m/bru til gapahuken og gapahuk på ca 30m², større parkeringsplass m/ 35m² toalettbygg. Det er og planar om ein 18 hulls Frisbeebane

Planen er å dela opp prosjektet i 4-5 mindre prosjekt. Dei håpar å få sendt ein søknad inn til kommunen i starten av 2023 for alle prosjekta samla.

Denne søknaden gjeld delprosjekt 2 som er bygging av ein 30m² stor Gapahuk ved Krokavatnet og ein tilhøyrande tursti m/bru frå badestranda.

Gilje Grendalag eig sjølv grunnen der gapahuken er planlagd etablert.

Kostnaden for dette prosjektet er kalkulert til kr. 740.000,-

Styrevedtak/innstilling:

Styret støttar initiativet til å lage ein gapahuk, bru og tilhøyrande sti frå badeplassen og tilrår årsmøtet å gi ei gåve på kr. 52 000,- til dette prosjektet.

Før beløpet vert utbetalt må søkjar ha gjort formelt vedtak om bygging og den faktiske bygginga må vera komen i gang. I tillegg må det liggja føre bindande finansieringsplan med tilsegn. 50% av stønadsbeløpet vert utbetalt ved anleggstart, og resten når anleggsrekneskap er lagt fram.

8. Søknad om gåve til delprosjekt 3: Toalettbygg og minireinseanlegg Krokavatnet (Gilje Grendalag)

Gilje Grendalag og Gilje Allidrett planlegg eit stort prosjekt på Ådnanes, rundt Krokavatnet. Frå før er området tilrettelagt med badestrand, kai og stupetårn.

Den samla planen er å få laga til ei terrengsykkelløypa rundt Krokavatnet på ca 1870 meter, junior/barne sykkel løypa på ca 400 meter, av desse er ca. 200m felles med hovudløypa. Vidare planlegg dei sti m/bru til gapahuken og gapahuk på ca 30m², større parkeringsplass m/ 35m² toalettbygg. Det er og planar om ein 18 hulls Frisbeebane

Planen er å dela opp prosjektet i 4-5 mindre prosjekt. Dei håpar å få sendt ein søknad inn til kommunen i starten av 2023 for alle prosjekta samla.

Denne søknaden gjeld delprosjekt 3 som er bygging av eit toalettbygg med tilhøyrande reinseanlegg.

Gilje Grendalag eig sjølv grunnen der toalettbygget er planlagd etablert.

Kostnaden for dette prosjektet er kalkulert til kr. 550.000,-.

Styrevedtak/innstilling:

Styret støttar initiativet til å lage eit toalettbygg med tilhøyrande reinseanlegg og tilrår årsmøtet å gi ei gåve på kr. 39 000,- til dette prosjektet.

Før beløpet vert utbetalt må søkjar ha gjort formelt vedtak om bygging og den faktiske bygginga må vera komen i gang. I tillegg må det liggja føre bindande finansieringsplan med tilsegn. 50% av stønadsbeløpet vert utbetalt ved anleggstart, og resten når anleggsrekneskap er lagt fram.

9. Søknad om gåve til delprosjekt 4: Søknad om gåve til terrengsykkelbane og 18. hulls Frisbeegolfbane rundt Krokavatnet (Gilje Grendalag)

Gilje Grendalag og Gilje Allidrett planlegg eit stort prosjekt på Ådnanes, rundt Krokavatnet. Frå før er området tilrettelagt med badestrand, kai og stupetårn.

Den samla planen er å få laga til ei terrengsykkelløypa rundt Krokavatnet på ca 1870 meter, junior/barne sykkel løypa på ca 400 meter, av desse er ca. 200m felles med hovudløypa. Vidare planlegg dei sti m/bru til gapahuken og gapahuk på ca 30m², større parkeringsplass m/ 35m² toalettbygg. Det er og planar om ein 18 hulls Frisbeebane

Planen er å dela opp prosjektet i 4-5 mindre prosjekt. Dei håpar å få sendt ein søknad inn til kommunen i starten av 2023 for alle prosjekta samla.

Denne søknaden gjeld delprosjekt 4 og 5 som er bygging av ein hovudterrengsykkelbane rundt heile Krokavatnet. Bana vert ca. 1500m lang med ei bredde på ca. 2,5 til 3 meter. Dei vil sette ned fundament og kablar til veglys langs løypa. Dei planlegg og ein 18 hulls Frisbeegolfbane i tilknytning til bana.

Det er laga avtalar med grunneigarar om disponering av arealet med varigheit på 15 og 30år.

Kostnaden for desse to prosjekta er kalkulert til kr. 1 800 000,-.

Styrevedtak/innstilling:

Styret støttar initiativet til å lage ein hovud terrengsykkelbane rundt Krokavatnet og ein 18. hulls Frisbeegolfbane i same området og tilrår årsmøtet å gi ei gåve på kr. 126 000,- til dette prosjektet.

Før beløpet vert utbetalt må søkjar ha gjort formelt vedtak om bygging og den faktiske bygginga må vera komen i gang. I tillegg må det liggja føre bindande finansieringsplan med tilsegn. 50% av stønadsbeløpet vert utbetalt ved anleggstart, og resten når anleggsrekneskap er lagt fram.

Søknadar ikkje tilrådd innvilga

1. Søknad om gåve til etablering av ishall – Stord Idrettslag

Stord Idrettslag har i mange år jobba for å realisere ein regional ishall på Stord gjennom innbygging av dagens skeisebane på Vikahaugane til ein ishall. Staten, Fylkeskommunen, Stord kommune og Stord Idrettslag er allereie med i spleiselaget med totalt 76 millionar. Dei manglar no 10 millionar for å kunne realisere prosjektet og inviterer lokalt næringsliv og stiftingar til å støtte opp om prosjektet og bidra med siste del av finansieringa.

Styrevedtak/innstilling:

Styret meiner det bryt med vedtektene å gi støtte til tiltak utanfor konsesjonsområdet og kan difor ikkje tilrå årsmøtet å gi gåve til Stord Idrettslag og deira prosjekt om å byggje ishall på Stord.

2. Søknad om gåve til skifte av dekke på treskøyta Frøydis (Foreininga for bevaring av treskøyta Frøydis)

Foreininga for bevaring av treskøyta Frøydis er i gang med arbeidet med å skifte ut dekket med dekkbjelkar og rekkestøtter på treskøyta Frøydis. Tiltaket blei sett i gang i september 2022 hos skipstømraren i Sagvåg. Foreininga har eigne midlar i form av lån og eigeninnsats, men er avhengige av gåver for å komme i mål med tiltaket. Pr. 16/12 -22 er alle dekkbjelkar og 14 rekkestøtter skifta.

Totalt viser kalkylane at prosjektet har ei kostnadsramme på kr.1 612 150,-. Foreininga søker om kr. 650 000,- i gåve frå Finnås kraftlag.

Styrevedtak/innstilling:

Styret synes det er positivt at foreininga tar vare på treskøyta Frøydis, men vurderer at denne søknaden ikkje stettar vilkåra for allmennyttige gåver. Styret vil difor ikkje tilrå at årsmøte gir gåve til dette prosjektet.

Sak 8. Fastsetja godtgjersle til styret og valnemnd

Av rekneskapen for 2022 går det fram at godtgjersla til styret og valnemnd er Kr. 582.460,-

Tilråding til vedtak:

Godtgjersla til styret og valnemnda vert godteken i samsvar med rekneskapen for 2022.

Sak 9. Endring av godtgjersle til styret og valnemnd

Satsane for styrehonorar vart sist endra på årsmøte i 2021. Det står i vedtaket at satsane skal vurderast neste gong i 2023.

Gjeldande satsar:

Faste godtgjersler:

- Styreleiar kr. 92.500,-
- Nestleiar kr. 33.300,-
- Styremedlemane kr. 22.000,-

Møtegodtgjersle for styremedlemane ved styremøte:

- Møter med varigheit under 4 t kr. 1.742,-
- Møter med varigheit over 4 t kr. 3.266,-

Møtegodtgjersle møter og kurs for styremedlemane og valnemnd:

- Møter med varigheit under 4 t kr. 1.742,-
- Møter med varigheit over 4 t kr. 3.266,-

(grunnlag kr. 435,5 pr.t og 7,5 t)Ved dokumentert høgare dagsats for tapt arbeidsforteneste kan den nyttast.

Tilråding til nye satsar for godtgjersle til styret og valnemnd:

Faste godtgjersler er justert opp med ca. 7,1 %. Dette er i tråd med lønnsvekst i verksemda dei siste to åra.

Faste godtgjersler:

- Styreleiar kr. 99.000,- (92.500,-)
- Nestleiar kr. 35.600,- (33.300,-)
- Styremedlemane kr. 23.500,- (22.000,-)

Møtegodtgjersle for styremedlemane ved styremøte:

- Møter med varigheit under 4 t kr. 1.866,- (1 742,-)
- Møter med varigheit over 4 t kr. 3 499,- (3 266,-)

Møtegodtgjersle møter og kurs for styremedlemane og valnemnd:

- Møter med varigheit under 4 t kr. 1 866,- (1 742,-)
- Møter med varigheit over 4 t kr. 3 499,- (3 266,-)

(grunnlag kr. 466,5 pr.t og 7,5 t)Ved dokumentert høgare dagsats for tapt arbeidsforteneste kan den nyttast.

Satsane vert gjort gjeldande frå 01.01.2023.

Ny vurdering i 2025.

Sak 10. Fastsetja godtgjersle til revisor

Av rekneskapen for 2022 går det fram at det er betalt kr 95.000 for lovpålagt revisjon i mor og kr 329.500 for konsernet. Det er også betalt hhv kr 143.000,- og 274.450,- i tilleggstenester.

Tilråding til vedtak:

Godtgjersle til revisor vert godteken i samsvar med rekneskap for 2022.

Sak 11. Velja revisor

Finnås Kraftlag SA har brukt Deloitte som revisor.

Tilråding til vedtak:

Deloitte vert vald til revisor.

Sak 12. Velja styre og styreleiar

Styremedlemmer på val:

- Torleiv Fylkesnes
- Anne-Beth Njærheim
- Ove Grønås

Styreleiar på val:

- Torleiv Fylkesnes

Varamedlemmer på val:

1. Geir Ivar Ådnanes
2. Stina Raknes Kvarven
3. Nina Ingvaldsen

Til årsmøte 2023

Innstilling frå valnemnda i Finnås Kraftlag

Valnemnda har arbeid etter instruks for valnemnda i Finnås Kraftlag SA, vedteken i styremøte 22/2-22.

Valnemnda har vore samansett slik:

Idar Larsen
Jannicke Gjerdevik
Oddgeir Alvsvåg (Leiar)
Selma Karin Vestvik
Torhild Taraldsøy

I instruksjonen heiter det at Valnemnda skal koma med skriftleg framlegg til årsmøtet på kandidatar til vervet som styreleiar, styremedlemmer og varamedlemmer. Valnemnda skal leggja fram og grunngi sine framlegg.

I instruksjonen heiter det vidare at *ved val av medlemmer til styret skal det leggast vekt på:*
At styret får den kompetansen som er nødvendig i både morselskapet og dotterselskapa i konsernet.

At medlemmane har gode samarbeidsevner.

I samsvar med §69 nr. 3 i Samvirkelova og § nr. 6 i Vedtektene skal styret setjast saman slik at kvart kjønn skal vera representert med minst tre medlemmer.

Utdanningsbakgrunn og erfaring:

Styret er eit kollegium som skal vera ein ressurs for verksemda gjennom utøving av styret sine oppgåver.

Særlege eigenskapar som kan vektleggjast ved val av medlemmar:

Styreleiar bør ha leiarerfaring, nettverk og godt omdømme for å gi verksemda eigentyngde. Medlemmer av styret bør ha og/eller vera villig til å tileigne seg den ulike kompetansen som styret har bruk for.

Medlemmer bør også ha eigenskapar og/eller erfaring som vil styrke styrets totalkompetanse. Valnemnda er av den oppfatning at sitjande styret oppfyller alle desse vilkåra. Me har eit godt styre med engasjerte medlemmar med allsidig kompetanse og erfaring.

Likevel har eit styre frå tid til anna behov for fornying. Når valnemnda i år innstiller til endring i styresamansetjinga, er det ut ifrå ei totalvurdering av kandidatar og kompetanse, samt eit behov for fornying, då fleire i styret har sete der over lang tid, og ny impulsar er viktige for eit fungerande styre.

Valnemnda si innstilling er som følger:

Torleiv Fylkesnes – Innstilt som Styreleiar (1år)

Styremedlemmer (2 år):

Torleiv Fylkesnes (på val) – Fylkesnes arbeider til dagleg i Matre Maskin. Han har gjennom ein lang periode vist engasjement i styret i Finnås Kraftlag, og har leia laget gjennom ulike omstillingsprosessar. Han er ein viktig støttespelar for administrerende direktør Tor Bjarne Smedsrud, og har ei viktig rolle opp mot eigarposten til Finnås Kraftlag i Haugaland Kraft.

Nina Ingvaldsen (på val) – Ingvaldsen arbeidar som dagleg leiar i Bømlo næringsråd, og har eit sterkt engasjement for nærings- og samfunnsutvikling. Siste året har ho i tillegg vore prosjektleiar for Finnås Kraftlag sitt prosjekt om korleis sikre nok nett og straum til Bømlo kommune framover. Ho er elles utdanna sivilingeniør i datateknikk, og har ein mastergrad i organisasjon og leiing.

Geir Ivar Ådnanes (val) – Ådnanes har vært valt vara sidan 2021. Han har hatt ulike leiarstillingar i Bremnes Seashore. I dag jobbar han som fabrikk sjef her. På heimegarden på Ådnanes er han med å produserer egg og mjølk saman med kona og faren.

Varamedlemmar blir valt for 1 år om gangen :

1.vara: **Øystein Våge** (val) – Våge tilsett i Eidesvik AS, har vært kaptein sidan 2012. Har hatt ulike prosjektstillingar i rederiet som assisterande mannskapssjef, inspektør nybygg og sist som flåtesjef for subsea og vindserviceflåten, Er på fritida engasjert som styreleiar i Finnås Sportsklubb og økonomiansvarleg i Kanaldagane.

2. vara: Malin Ölander Rolfsnes (val) - Ölander Rolfsnes har ein mastergrad i økonomi frå Norges Handelshøyskole (NHH) og arbeider no som avdelingsleiar i Siemens Energy. Ho har styreerfaring frå fleire lokale lag, og er nyleg vald inn i styret for Bømlo Næringsråd.

3. vara: **Aud Gunn Løklingholm** – Løklingholm vart uteksaminert som jurist ved UiB sommaren 1997. Ho var tilsett i Bømlo kommune som organisasjonssjef, assisterande og konstituert rådmann, fram til ho vart tilsett som administrasjonssjef i Helse Fonna. Aud Gunn kjenner Bømlo godt etter si tid som rådmann i kommunen.

Hollundsdaalen 31.03.23

Oddgeir Alvsvåg

Leiar valnemnda

Sak 13. Velja valnemnd etter forslag frå styret

Iflg vedtektene § 8.2 , styret sine gjeremål, går det fram at styret skal fremja forslag på valnemnd til årsmøte.

Utdrag frå § 9, valnemnd:

Føretaket skal ha ei valnemnd med fem medleamar.

Medlemane i valnemnda vert valde for to år om gongen, men slik at to og tre går ut annakvart år. Årsmøtet vel leiar.

Valnemnda har vore samansett slik:

Oddgeir Alvsvåg (Leiar)	på val i 2023
Jannicke Gjerdevik	på val i 2023
Idar Larsen	ikkje på val i 2023
Selma Karin Vestvik	ikkje på val i 2023
Torhild Taraldsøy	ikkje på val i 2023

Leiar har vore Oddgeir Alvsvåg. Leiar vert vald for eit år om gongen og denne rolla er difor på val kvart år.

Styret si innstilling til årsmøte:

Styret føreslår for årsmøtet følgjande medlemmer i valnemnda:

Oddgeir Alvsvåg, attval for 2 år.
Jannicke Gjerdevik , attval for 2 år

Oddgeir Alvsvåg, attval som leiar for 1 år.